



ÅLESUND KOMMUNE
Postboks 1521
6025 ÅLESUND

Saksbehandlar, innvalstelefon

Yngvild Meinseth, 71 25 85 18

Ålesund kommune

Gnr14 bnr19 m.fl. - detaljregulering Blindheimsbrevika - småhus m.m.

Fråsegn til offentleg ettersyn

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Bakgrunn

Forslag til detaljreguleringsplan for Blindheimsbrevika gnr14 bnr19 m.m. er sendt på høyring. Planforslaget legg til rette for kontor/lager/industri, frittliggande småhus, konsentrerte småhus, leikeareal, veg, naturområde, naust m.m. Planframlegget opnar for 20 nye bustadar.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde ingen merknad.

Med helsing

Ulf Lucassen (e.f.)
ass. miljøverndirektør

Yngvild Meinseth
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE
STATENS VEGVESEN MOLDE KONTORSTED

Postboks 2500 6404 MOLDE
Fylkeshuset 6404 MOLDE



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Ålesund kommune
Postboks 1521
6025 ÅLESUND

Fylkeskommunedirektøren

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
20/323	17.11.2022	149510/2022/REGULERINGSPLAN/1504	Anders Smith-Øvland, 71 28 02 41	06.01.2023

Ålesund kommune - detaljregulering - reguleringsplan Blindheimsbreivika - gbnr 19/14 mfl. - fråsegn ved offentleg ettersyn – motsegn

Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

INNLEIING

Saka gjeld offentleg ettersyn av forslag til reguleringsplan for eit areal mellom fv. 6210 (Spjelkavikvegen) og sjøen i Breivika. Arealet er i kommuneplanen avsett til næring og bustader, og er i forslaget til detaljregulering avsett til kontor/lager/industri, frittliggande småhus, konsentrerte småhus, leikeareal, veg, naustområde m.m.


Ved varsel om oppstart gav vi innspel til planarbeidet om automatisk freda og nyare tids kulturminne. I tillegg hadde vi innspel om behovet for tilstrekkeleg og egna ute-oppshaldsareal, areal for leik og at planarbeidet bør legge til rette for bruk av miljøvennlege transportformer som sykkel, gange og kollektivtransport.

Ved offentleg ettersyn ser vi at planforslaget ikkje har løyst utomhus og leikeareal på ein tilstrekkeleg og god måte. Vi har og merknader ut frå våre samferdselsinteresser, kor vi og har **motsegn**.

Barn og unge

Jf. krava i plan- og bygningslova § 28-7 og Teknisk forskrift § 8-3, og Rikspolitiske retningslinjer for barn og unges interesser i planlegginga skal planlegginga sikre tilstrekkeleg og egna uteopphalds og leikeareal.

Dei nye byggeområda for konsentrerte bustader BK1-3 kan med fordel bli organisert slik at desse ikkje i så stor grad er negativt påverka av intern trafikkorganisering, noko som reduserer kvaliteten på både uteopphalds og leikeareala. Vi rår sterkt kommunen til å arbeide om forslaget til konsentrerte byggeområde BK1-4, tilhøyrande leikeareal f_LEK1-3 og interne vegane som skal serve desse byggeområda.



Byggeområda for konsentrerte bustader, BK1-4, leikeareal og trafikkareal, markert med svart stipla linje.

Nærleikearealet f_LEK1, trafikkareal og gjesteparkering

Dette leikearealet er føreslått lokalisert langs internveg o_KV2 og vil være omslutta av trafikkareal, intern køyrevog og gjesteparkeringa f_P, noko som vil medføre at både gjestar og fastbuande innanfor byggeområdet BK2 vil passere. Ei slik organisering synes å være både uheldig, unødvendig og vil gi eit dårleg leikeareal. Areal for gjesteparkering bør her ikkje prioriterast lagt til areal som ligg lengst inne i eit bustadområde, men plasserast nærare inngangen til bustadfeltet, oppe ved hovudvegen. Sjølvle leikearealet f_LEK1 bør slik byggeområde er føreslått organisert bli vurdert lagt i enden av intern

køyreveg o_KV2, heilt mot nord. Dette føreset flytting av gjesteparkering. Vi rår i tilfelle til at eigedommen gbnr 21/44 ikkje blir gitt tilkomst via intern køyreveg o_KV2.



Leikearealet f_LEK1 som skal serve byggeområde BK1 og KB 2, plassert saman med intern køyreveg o_KV2, snu hammar og parkeringsarealet f_P lengst inne i området.

Det ligg og eit potensiale i å trekke byggeområdet BK2 lengre aust og organisere byggeområda BK1 og BK2 som ein meir eller mindre samanhengande struktur. Ein vil da kunne oppnå større breidde på uteopphaldsareal og leikeareal i vest. Trafikkavviklinga for eit eventuelt slikt byggeområde og den eksisterande eigedommen gbnr 21/44 vil da kunne skje på baksida mot aust. Med ei slik organisering vil det truleg være lettare å sikre eit tydeleg skilje mellom trafikkareal og uteopphaldsareal i denne delen av planområdet.

Leikearealet f_LEK2

Dette leikearealet er føreslått plassert mellom leikearealet f_LEK1 i nord og inngangen til feltet i aust. Plassering vil være sentralt og kan også fungere som inngangsport til areala langs sjøen, via grøndraget i reguleringsplanen for Remvika (2003) i nordvest.

Den korte avstanden mellom leikearealet og byggegrensa innanfor byggeområdet BK4 gjer likevel dette leikearealet til eit 5-minuttersleikeplass. Dvs. at innsynet frå nærliggande bustader gjer leikearealet mindre attraktivt og berre egna til kortvarig opphald.



Leikearealet f_LEK2 plassert tett opptil bygg innafor byggeområdet BK4, kor bygningsmassen vil være vendt nordover, mot leikearealet. Grøndraget mellom bustadområdet og sjøen er den ubygde parsellen på nordsida av byggeområda, som ikkje er omfatta av det fargelagde plankartet.

Vi stiller og spørsmål med den nordvendte organiseringa av byggeområdet BK4, slik dette er visualisert i illustrasjonsplanen og illustrasjonane i planomtalen. Vi vurderer det

som ei mindre god løysing å organisere byggeområda BK3 og BK4 langs intern køyreveg f_KV3, som i ein gatestruktur, og rår til at ein heller finn ei anna organisering for å oppnå betre uteopphalds og leikeareal, særskilt av omsyn til leikeareal f_LEK2.

Leikeareal f_LEK3

Dette arealet er føreslått nordaust for byggeområdet BK3 plassert slik at dette vil være omkransa av trafikkareal. Vi vurderer dette forslaget til organisering av byggeområde, trafikk og leikeareal å være uheldig. Kommunen bør her vurdere å flytte leikearealet til sørvestsida av byggeområdet BK3, om ikkje heile området blir gitt ei anna organisering.



Leikearealet f_LEK3 på nordaustsida av byggeområdet BK3, omringa av dei interne køyrevegane o_KV2, o_KV3 og o_KV4.

Samferdsel

Manglande vurdering av fylkesvegen si sikkerheitssone

Fylkesvegen har etter Statens vegvesen si handbok N101 definert ei sikkerheitssone. Sikkerheitssona til fylkesvegen er eit område utanfor køyrebanen kor det ikkje skal førekome faremoment som farlege sidehinder, farlege skråningar e.l. jf. vegnormal N101. Dette for å hindre at køyretøy som hamnar utanfor køyrebanen treffer farlege sidehinder.

Sikkerheitssona si breidde blir sett ut frå trafikkmengd, fartsgrense, kurvatur, avstand til motgåande køyrefelt ved bruk av midtdelar og utforming eller innhald av sideterrenget. Sikkerheitssone blir bestemt ut ifrå krava i Statens vegvesen si handbok N101, og ved mellom anna fallande terreng blir det stilt krav om tillegg til sikkerheitssona. Av omsyn til trafikktryggleik må fylkesvegen sitt eigedomssområde og sikkerheitssone regulerast til formålet «annan veggrunn», jf. handbok N101.

Slik planforslaget ligg føre no, er ikkje fylkesvegen si sikkerheitssone tatt omsyn til eller vurdert, jamfør Statens vegvesen si handbok N101.

Vi har **motsegn** til planforslaget fram til fylkesvegen si sikkerheitssone er vurdert i tråd med handbok N101, og eventuelt behov for vegrekkverk er omtalt. Eventuelt behov for oppsetting av rekkverk må bli sikra som rekkefølgjekrav. Heimel for motsegn er:

- Plan- og bygningsloven § 4-2.
- Veglova § 1 a.
- Statens vegvesen si handbok N101, jf. veglova § 13.

Vegnormalane N100 og N101 definerer rekkverk som sikthindrande objekt i eit kryss/avkøyrse, og plassering av rekkverk må tilpassast frisktsona i det nye krysset. Dersom rekkverk kjem innanfor frisktsona i avkøyrse/kryss, må det søkast om fråvik frå vegnormalane for ei slik løysing. Fråvik må vere behandla av Møre og Romsdal fylkeskommune før reguleringsplanen kan godkjennast.

Areal avsett til annan veggrunn

Plankartet viser at areal avsett til «annan veggrunn» er 1,5 meter i breidde, og planføresegna foreslår vidare å opne opp for etablering av murar innanfor fylkesvegen si sikkerheitssone, og i eventuelt avbøyingssrom for etablert rekkverk. I utbøyingssrommet til rekkverk skal det heller ikkje vere innretningar/byggverk som kan motvirke rekkverket sin funksjon.

Storleiken på sikkerheitssona blir bestemt ut ifrå krava i N101. Innanfor sikkerheitssona til fylkesvegane skal det ikkje vere påkøyringsfarlege objekt som til dømes murar, parkeringsplassar og liknande, jf. handbok N100 og N101.

Fordi murar og liknande innretningar vil vere påkøyringsfarlege objekt, kan det i føresegna ikkje bli opna opp for etablering av murar i formål «annan veggrunn» langs fylkesvegen. Moglegheita for murar innanfor formålet «annan veggrunn» må takast ut av føresegna.

På delar av arealet ved K/L/I er det allereie sett opp rekkverk mellom fylkesvegen og gbnr. 19/14. Dette vil mest sannsynleg måtte bli flytta ved realisering av fortau med sykkelfelt. Rekkverk har eit utbøyingssrom, det vil seie eit areal på baksida av rekkverket som vil bøye seg ut ved ein eventuell påkøyring. Dette arealet vil variere ut ifrå type rekkverk som er valt å sette opp. Eksisterande rekkverk på strekninga er av eldre type, og har som regel eit utbøyingssrom på minst 2,0 meter. Nytt rekkverk vil kunne ha eit anna utbøyingssrom.

Vi kan ikkje sjå at det er sett av tilstrekkeleg areal til «annan veggrunn» for å sikre at fylkesvegen si sikkerheitssone og utbøyingssrom for rekkverk er tatt vare på.

Areal til annan veggrunn skal også ta vare på snøopplag ved vintervedlikehald. Vi har eit generelt behov på minst 3,5 meter sideareal for snøopplag. Det er viktig å merke seg at i dette sidearealet skal ein ikkje etablere fortau/gang-sykkelveg.

I den sørlege delen av området, avsett til formål K/L/I, er det i dag bratt og fallande terreng som gjer at det er eit behov for ytterlegare areal til sikkerheitssona. Slike bratte terrengforhold som ein har her bør i utgangspunktet vere sikra med rekkverk. Planforslaget har ikkje gjort greie for behov for rekkverk for å sikre skråning frå fylkesvegen og ned på eigedommen 19/154 og 19/175, og det er elles heller ikkje tatt omsyn til sikkerheitssone dersom det ikkje skal vere rekkverk her.

På grunn av fylkesvegen si sikkerheitssone, og eventuelt utbøyingssrom for rekkverk og sideareal til drift og vedlikehald, må areal til «annan veggrunn» bli utvida til å vere minst 3,5 meter breitt langs heile gbnr. 19/14 som grensar til fylkesvegen. For den sørlege delen av byggeområdet K/L/I må sikkerheitssone med eventuelle tillegg, regulerast i full breidde, eventuelt ved krav om rekkverk regulerast som «annan veggrunn» med breidde på minst 3,5 meter.

På bakgrunn av for lite regulert areal til annan veggrunn, dvs. sikkerheitssone, og opning for mur innanfor sikkerheitssona, fremmer vi **motsegn** til planforslaget. Heimel for motsegn er veglova § 1 a og Statens vegvesen si handbok N101.

For at vi skal kunne trekke motsegna, må følgande bli gjort:

- Areal til «annan veggrunn» må bli auka til å vere minimum 3,5 meter.
- Der det ikkje skal vere rekkverk, må sikkerheitssona regulerast i tråd med N101. Dette inkluderer eventuelt tillegg etter N101.

- Det kan ikkje i føresegna opnost for etablering av murar innanfor areal «annan veggrunn» langs fylkesvegen.

Plassering avkøyrsel nær fylkesveg til område K/L/I

Det er foreslått å legge til rette for ein avkøyrsel tett opp i kryssområdet ved fylkesvegen. Illustrasjonsteikningar (ikkje juridisk bindande) viser følgande som mogleg løysing:



Avkøyrsele som er foreslått kjem for tett på kryssområdet, og vil kunne føre til eit utflytande trafikkareal. Plassering for tett inntil kryss vil også kunne føre til utfordringar med tanke på manøvrering og køyremønster, og kan skape forvirrande trafikkbilete. Ved utkøyring vil ein også kunne kome svært skrått på fylkesvegen, og dermed kunne få dårlegare siktforhold. Ved å etablere ein avkøyrsel så tett inntil kryssområdet, vil ein kunne få utfordringar med tanke på trafikktryggleik og framkome. Vi vurderer at ei slik løysing vil vere i strid med trafikktryggleikssynet i veglova § 1 a, og vil ikkje kunne akseptere plassering av avkøyrsel så tett på kryss frå fv. 6210.

Av omsyn til trafikktryggleik har vi **motsegn** til etablering av avkøyrsel tett inntil kryssområdet. Heimel for motsegn er:

- Veglova § 1 a.
- Statens vegvesen si handbok N100, jf. veglova § 13.
- [Forskrift om avkøyrslar frå offentleg veg](#).

Eitt av følgande alternativ innarbeidd i reguleringsplanen kan gi grunnlag for at vi kan trekke vår motsegn:

- Avkøyrsel tett opp i kryssområde blir fjerna frå planforslaget, og område K/L/I får tilkomst frå den andre regulerte avkøyrsele sør for eigedommen gbnr. 19/14.
- Dersom K/L/I skal ha to avkøyrslar frå o_KV1, kan ikkje avkøyrsla leggest nærare kryssområdet frå fv. 6210 enn 40 meter.

Merknader

Planavgrensinga har blitt snevra inn sidan varsel om oppstart, og planavgrensing som er på offentleg ettersyn omfattar ikkje arealet som er nødvendig for å fastsette heile frisktsona. Vi rår derfor til at planavgrensinga blir utvida igjen til å også omfatte frisktsona mot søraust.

Regulert utkøyning frå K/L/I nord i planområdet manglar føresegn som sikrar at avkøyrsele skal vere opparbeidd i tråd med gjeldande vegnormalar. Vi ber om at det blir innarbeidd som føresegn at utkøyninga skal vere opparbeidd i tråd med Statens vegvesen si handbok N100.

Vi gjer merksam på at byggegrenser etter veglova også gjeld for parkeringsplassar og internvegar, jf. juridisk litteratur ([Veglova: med kommentarar](#), s. 134) og lang forvaltningspraksis frå Statens vegvesen.

Gjennomføringsavtale

Før planen kan realiserast, må Møre og Romsdal fylkeskommune kontaktast for å avklare roller og ansvar knytt til bygging langs fylkesvegen, og om det er behov for å inngå ein gjennomføringsavtale for å regulere dei nemnde forholda. Dette gjeld mellom anna etablering av rekkverk, kantstopp og opparbeiding av fortau.

KONKLUSJON

Vi rår sterkt kommunen til, jf. krava i plan- og bygningslova § 28-7 og Teknisk forskrift § 8-3, og Rikspolitiske retningslinjer for barn og unges interesser i planlegginga, å arbeide om forslaget til konsentrerte byggeområde, interne køyrevegar og tilhøyrande leikeareal. Sjå vår gjennomgang av desse i saksutgreiinga ovanfor.

Vi har **motsegn** til planforslaget fram til fylkesvegen si sikkerheitssone er vurdert i tråd med handbok N101, og eventuelt behov for vegrekkverk er omtalt. Eventuelt behov for oppsetting av rekkverk må bli sikra som rekkefølgjekrav. Heimel for motsegn er:

- Plan- og bygningsloven § 4-2.
- Veglova § 1 a.
- Statens vegvesen si handbok N101, jf. veglova § 13.

På bakgrunn av for lite tilfredsstillande areal regulert til «annan veggrunn» og opning for mur innanfor sikkerheitssona, fremmer vi **motsegn** til planforslaget. Heimel for motsegn er veglova § 1 a og Statens vegvesen si handbok N101.

Av omsyn til trafikktryggleik har vi **motsegn** til etablering av avkøyrsele tett inntil kryssområdet ved fv. 6210. Heimel for motsegn er:

- Veglova § 1 a.
- Statens vegvesen si handbok N100, jf. veglova § 13.
- [Forskrift om avkøyrslar frå offentleg veg](#).

Vi viser elles til saksutgreiinga ovanfor og ber om at våre merknader blir vurdert innarbeida i den vidare planprosessen.

Toril Hovdenak

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Fagsaksbehandler

Samferdsel: rådgivar Lisa Enstad, tlf. 71 28 05 40

Kopi:

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Statens vegvesen



Statens vegvesen

ÅLESUND KOMMUNE

Postboks 1521

6025 ÅLESUND

Behandlende enhet:
Transport og samfunn

Saksbehandler/telefon:
Vidar Neraas / 71274773

Vår referanse:
20/126133-9

Deres referanse:
20/323-18
22/115933

Vår dato:
25.11.2022

Uttale til reguleringsplan for Blindheimsbreivika- gnr. 14 bnr. 19 mfl. Ålesund kommune

Vi viser til brev datert 17.11.2022.

Saken gjelder

Formålet med reguleringsplanen er å legge til rette for boligutbygging samt et eksisterende areal til kontor/lager/industri.

Statens vegvesens rolle i planleggingen

Statens vegvesen har ansvar for at føringer i Nasjonal transportplan (NTP), Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging, vegnormalene og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringer blir ivaretatt i planleggingen. Statens vegvesens samfunnsoppdrag er «å utvikle og tilrettelegge for et effektivt, tilgjengelig, sikkert, og miljøvennlig transportsystem».

Vi uttaler oss som forvalter av riksveg på vegne av staten, og som statlig fagmyndighet med sektoransvar innenfor vegtransport. Statens vegvesen sitt sektoransvar for vegnettet betyr at Statens vegvesen har et overordnet ansvar for at trafiksikkerhet, klima og miljøhensyn og helhetlig bypolitikk ivaretas i alle planforslag som berører samferdsel. Dette gir oss rett til å stille krav til både statlige, fylkeskommunale og kommunale veger, gater og løsninger for gående og syklende.

Vår vurdering

Våre innspill til varsel om oppstart er ivaretatt. Vi registrerer at også føringer som er gitt av Møre og Romsdal fylkeskommune vedrørende kantstopp og kryss fra fv. 6210 er lagt til grunn i planleggingen. Vi har ut fra vårt ansvarsområde ingen merknader til planforslaget.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Fylkeshuset, Julsundvegen 9, 3. etg.
6412 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Transportforvaltning midt
Med hilsen

Linda Heimen
seksjonssjef

Vidar Neraas
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Kopi
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE

Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkeshuset Postboks 2500
6404 MOLDE

Dykkar ref.

Vår ref.
22/00133-2

Sakshandsamar
Maiken Holst

Dato
15.12.2022

Vedr. Ålesund kommune - Blindheimsbreivika - gbnr 14/19 m.fl. - Forholdet til marine kulturminne

Me viser til e-post frå Ålesund kommune, dagsett 17.11.2022.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Blindheimsbreivika i Ålesund kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Me har heller ingen indikasjonar på at området har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid.

Museet har derfor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Med helsing

Maiken Holst

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Kopi:
Ålesund kommune



KYSTVERKET

Ålesund kommune
Postboks 1521
6025 ÅLESUND

Dykkar ref	Vår ref	Arkiv nr	Sakshandsamar	Dato
20/323-18 22/115933	2022/5901-2		Tormod Hjørungnes Engen	28/12/2022


Fråsegn til offentlig ettersyn av reguleringsplan for Blindheimsbreivika - Gbnr 14/19 mfl - Ålesund kommune - Møre og Romsdal fylke

Viser til dykkar høyringsbrev datert 17.11.2022 som gjeld ovannemnde.

Kystverket er ein nasjonal etat knytt til Nærings- og Fiskeridepartementet med fagleg ansvar for kystforvaltning, ferdsla på sjøen og beredskap mot akutt forureining. Kystverket skal gjennom handsaming av planar og tiltak ta vare på føremålet med «lov om havner og farvann.» Føremålet med lova er å fremje sjøtransport som transportform og legge til rette for effektiv, sikker og miljøvenleg bruk av hamn og farvatn, samstundes med omsyna til eit konkurransedyktig næringsliv og nasjonale forsvars- og beredskapsinteresser.

Vår vurdering


Føremålet med planen er i hovudsak å leggje til rette for kontor/lager/industri, frittliggjande og konsentrerte bustadar, leikeareal, veg, naturområde og naust med meir. Det er ynskje om å leggje til rette for 20 nye bustadeiningar med tilhøyrande infrastruktur.



Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,
6025 ÅLESUND

Telefon: 07847
E-post: post@kystverket.no
Internett: <https://kystverket.no>

Org.Nr.: 874783242
Bankgiro: 7694 05 06766



Kystverket finn ikkje at planen med føresegner slik den er lagt fram får særskild innverknad på tilgrensande farvatn, Kystverket sine anlegg og installasjonar eller andre omsyn. Kystverket skal ivareta i medhald av hamne- og farvasslova. Kystverket har såleis ikkje vesentleg å merke til planframlegget.

Med helsing

Jan Morten Hansen
avdelingsleiar

Tormod Hjørungnes Engen
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakere:

Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Møre og Romsdal fylkeskommune	Postboks 2500	6404	MOLDE
Statsforvalteren i Møre og Romsdal	Postboks 2520	6404	MOLDE
Statens Vegvesen	Postboks 8142 Dep.	0033	OSLO

Ålesund kommune
Postboks 1521
6025 ÅLESUND

Vår dato: 15.12.2022
Vår ref.: 201900861-5 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: 20/323-18 22/115933

Sakshandsamar: Ole-Jakob Sande,
22959545, ojs@nve.no

NVE si generelle tilbakemelding til offentlig ettersyn av detaljregulering for Blindheimsbreivika - gnr. 19 bnr. 14 mfl. i Ålesund kommune

Vi viser til oversending av høyringsdokument datert 17.11.2022.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

På grunn av stor saksmengd i høve til tilgjengelege ressursar har ikkje NVE kapasitet til å gå konkret inn i alle reguleringsplanar som kjem på høyring. NVE vil prioritere å gi konkrete innspel og uttalar til reguleringsplanar det det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Etter ei fagleg prioritering gi vi hjelp til dei kommunane som har størst behov.

NVE si generelle tilbakemelding

Som planmynde har de ansvar for å sjå til at NVE sine saksområde blir vurdert og ivaretatt i planframlegget. Vi har laga ein [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#) som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis våre tema skal takast omsyn til i reguleringsplanen. Dersom de ikkje alt har gått gjennom rettleiaren rår vi dykk til å gjere det, og vurdere om våre saksområde er teke omsyn til i planen. De må vurdere om planen tek omsyn til nasjonale og vesentlege regionale interesser, jf. NVE rettleiar [2/2017 Nasjonale og vesentlege regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging](#).



De kan også bruke våre nettsider for arealplanlegging. Her er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>. På NVE sine nettsider finn de koplingar til rettleiarar og verktøy. Det ligg også mykje arealinformasjon på NVE sine kartløyningar.

Kommunen sitt ansvar

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt naudsynt omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd eller uttale til saka.

De kan ta kontakt med NVE dersom det er behov for konkret hjelp i saka.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Ole-Jakob Sande
Senioringeniør

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

Ålesund kommune

Kopimottakarar:

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
Møre og Romsdal fylkeskommune

Fra: Tone Sundklakk <Tone.Sundklakk@Morenett.no>
Sendt: fredag 2. desember 2022 10:24
Til: Postmottak Ålesund
Emne: Innspill til - Blindheimsbreivika- gbnr. 14/19 mfl.- offentlig ettersyn

Deres dato: 17.11.2022
Deres ref.: 20/323-18 22/115933

Innspill til - Blindheimsbreivika- gbnr. 14/19 mfl.- offentlig ettersyn

Vi viser til offentlig ettersyn for Blindheimsbreivika gnr. 14 bnr. 19 m.fl.

Det er ikke behov for å sette av plass til ny trafotomt for forsyning av området, men vi må skifte ut transformator T1 i eksisterende nettstasjon 2106 Spilka for å få forsyne nye bygg med strøm.

Utbygger må ta kontakt med Mørenett i god tid før utbyggingen starter slik at vi får legge til rette for strømforsyningen (leveringstid for trafo).

Fremføring av nye lavspenkabler og legging av trekkerør må koordineres med annet anleggsarbeid.

Vennlig hilsen



Tone Sundklakk
Sivilingeniør Nettutvikling
Mørenett AS

+47 70 04 61 54
+47 41 46 33 95
tone.sundklakk@morenett.no



Ålesund kommune

Postboks 1521

6025 Ålesund

Dykkar ref.:

20/323-18 22/115933

Vår ref.:

SAK0000080442

Saksbehandlar:

Natalie Østrem

Dato:

06.01.2023

Blindheimsbreivika- gbnr. 14/19 mfl.- offentlig ettersyn

Vis til dykkar brev av 17.11.2022.

Ålesundregionen Interkommunale Miljøselskap ÅRIM er eigd av syv kommunar i Ålesundregionen. Selskapet er oppretta for å handtere lovpålagde oppgåver innan hushaldsrenovasjon og slam i eigarkommunane, og tilbyr i tillegg avfalls- og slamtenester til private og kommunale verksemder i regionen.

ÅRIM sine eigarkommunar har vedteke forskrift om hushaldsavfall og slam i Ålesundregionen. Forskriftene er heimla i forureiningslova og er i hovudsak likelydande og regulerer t.d. kva eigedommar som er renovasjonspliktige, korleis renovasjonstenestene skal utførast og rett til fritak. I medhald til § 13 i forskrift om hushaldsavfall og slam pliktar alle som foreslår ein reguleringsplan i regionen å utarbeide ein renovasjonsteknisk plan for det området planforslaget omfattar.

Blindheimsbreivika- gbnr. 14/19 mfl.- offentlig ettersyn

ÅRIM ber om at det utarbeidast renovasjonsteknisk plan for området i tråd med §§ 13 14 i Forskrift om hushaldsavfall og slam i Ålesundregionen, Ålesund kommune, Møre og Romsdal og § 12-12 i Byggteknisk forskrift. Det bør mellom anna beskrivast nærmare dimensjonering av oppsamlingseiningane i fellesløysingane for renovasjon, samt standplass og tilgjenge for renovasjonsbil.

Val av renovasjonsløysning er avhengig av antal bueiningar og organisering av desse. ÅRIM ønsker at flest mogleg naboar går saman og samarbeida om renovasjonsløysing. Fellesløysing for renovasjon for bueiningane i BK1 og BK2 med standplass inne på området, slik det står beskriven i planbeskrivelse av 20.10.2022, er i tråd med ÅRIM sine anbefalingar, gitt at vegstandard og tilgjenge til standplass oppfyll krava beskriven i vedlagt utklipp av renovasjonsteknisk norm.



ÅRIM forsøker å så langt det lar seg gjere å unngå rygging med renovasjonsbil. Det er difor ønskeleg at bueiningane i BK3 og BK4 (samt eksisterande bustadar) får standplass langs tømmerute mot standplass for BK1 og BK2. Det vil også vere fornuftig at desse bustadane samarbeida om feller renovasjonsløyising.

Ta gjerne kontakt med underteiknande for renovasjonsteknisk rådgiving.

Med helsing

Natalie Østrem, miljørådgivar

post@arim.no | natalie.ostrem@arim.no

telefon 70 41 31 00 | 988 73 899



ÅLESUND KOMMUNE

INTERNT NOTAT

Mottakere:

Maya Lorgen Flem	Plan og geodata
------------------	-----------------

Fra: Magne Blindheim, Vatn og avløp

Deres referanse:

Vår referanse:

Arkivkode:

Dato:

20/323-24 22/127552

19/14

15.12.2022

Merknad - VA - Blindheimsbreivika- gbnr. 19/14 mfl. - offentlig ettersyn

Vi viser til mottatt høringsnotat datert 17.11.2022. Virksomhet VA har følgende merknader til saken:

VA rammeplan, revidert 14.09.2022

- I VA notat, jf. pkt. 2.2, er det forutsatt en høykapasitetshydrant sentralt i området. Vi kan ikke se at det preakseptert avstandskravet på 25-50m i veiledning til TEK vil være oppfylt ved uttak fra kun en hydrant. Avstanden til bebyggelsen i randsonen er betydelig lenger. Krav til slokkevannforsyning, plassering av hydranter og tilkomst, bør i tillegg avklares med brannvesenet. Eksisterende brannkum ved 19/111 bør i tillegg beholdes.
- Situasjonsplan viser at eks. OV400 forutsettes omlagt og skal tilknyttes eks. OV500. Denne kommer fra boligområdene ved Skåthaugen nordøst for planområdet. Det bør legges større dimensjon (min. 600mm) helt fram til sammenkobling til eks. OV600mm nede ved pumpestasjon.
- Situasjonsplan må forbedres mht. presentasjon. Tegning er ikke i målestokk, mangler rutenett mm, og den må vise grunnleggende informasjon om ledningsnettet, riktige ledningstyper, kummer og dimensjoner på ledninger. Det må fremgå tydeligere skille mellom prosjektert og eksisterende nett. Tegning skal være i samsvar med kommunens standardkrav i VA norm pkt. 3.6 krav til prosjektdokumentasjon.

Plankart, datert 22.10.2022

- Avkjørsel f_KV3 ned til pumpestasjon må utvides til min. 5.0m reguleringsbredde med tillegg for breddeutvidelse i kurve. Vegen må dimensjoneres for lastebil (tung slamsugebil). Dette har vi også gitt tilbakemelding på tidligere. I VA rammeplan er det også forutsatt at vegen også skal fungerer som flomvei. Innenfor reguleringsbredden må det avsettes tilstrekkelig areal til sidegrøft på nordsiden av vegen.

Med hilsen
Magne Blindheim
ingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Mottakere:

Maya Lorgen Flem	Plan og geodata
------------------	-----------------

Fra: Mirza Begic, Miljø og samferdsel

Vår referanse:
20/323, 23/1206

Arkivkode:
19/14

Dato:
05.01.2023

Blindheimsbreivika- gbnr. 19/14 mfl. - offentlig ettersyn - Merknader fra Natur, miljø og forvaltning

Vi viser til deres internt notat datert 17.11.2022 og har følgende merknader detaljreguleringsforslaget:

- I gjeldende kommunedelplanen for dette området er det godkjent fremtidig samleveg som munner i hovedvegen ved nordlig enden av eksisterende bussholdeplassen. Vi antar at veg o_KV1 erstatter denne samlevegen og vil fortsette videre mot sør gjennom tomt 19/41. I dette forslaget svinger o_KV1 først mot nord og etterpå mot sør. Vi antar at en slik løsning fremmes pga. bratt terreng, men tenker at det lar seg å føre vegen på en annen måte. Vegen kan føres direkte mot o_KV2 gjennom foreslåtte o_AVT1 og med krysset mot fremtidig samleveg mot syd. På denne måten vil en redusere areal nødvendig til trafikk og øke areal til andre formål (f.eks. til K/L/I og f_LEK3, samt GG og TV ...)
- I gjeldende kommunedelplanen er det godkjent en «gangveg på bakken» i retning nord-sør. I samme retningen i planen er det foreslått etablering av en smal TURVEG – o_TV1, 2, 3 uten sideareal m.m. Vi mener at en slik foreslått turveg vil ikke oppfylle intensjoner i den gjeldende kommunedelplanen og vil ikke fremstå som en trygg gangakse gjennom området. Samtidig vil turvegen i nordlig delen fremstå som en privat eiendom inneklemt mellom to andre eiendommer. Dette vil skape ubehag for både gående og boende i dette området og kanskje resultere i ganglekasje langs o_KV2. Vi ber derfor om at det utarbeides en mulighet for etablering av en sammenhengende gangveg (fortau) med retning nord/sør og helst langs samlevegen o_KV1 og 2. Dette vil da danne en mer intuitiv og naturlig gangakse parallelt med hovedvegen.
- Fortau (o_FO2 og o_FO3) langs hovedvegen ved krysset til Blindheimsbreivika har ukonsekvente bredder og avslutninger mot veg o_KV1. Vi ber at disse dimensjoner sjekkes og korrigeres
- Gang- og sykkelveg o_GG mangler sideareal mot sørliggende eiendom (langs sørøstlig plangrensa). Sideareal bredder mot o_KV1 er ikke konsekvente og varierer (pga. breddeutvidelsen i svingen). Vi ber at sideareal mot o_KV1 korrigeres og i samsvar med kommunale veg- og gatenorm. MEN vi ser helst at o_GG reguleres som fortau og kobles til ev. fremtidig nord/sørgående fortau langs o_KV1 og 2.O_KV1. Da vil en etablere en helhetlig gangsystem gjennom dette området og danne forutsetningene til lignende utvikling gjennom naboområder.

- Generelt mener vi at både dett og sideliggende områder har store utviklingspotensialer med potensiell økt trafikk. Derfor er det viktig at både vegene og gangarealene føres så enkelt som mulig slik at de oppfattes på naturlig og konsekvent måte både fra bilister og gående.

Med hilsen
Mirza Begic
Senior rådgiver
Miljø og samferdsel

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



ÅLESUND KOMMUNE

INTERNT NOTAT

Mottakere:

Maya Lorgen Flem	Plan og geodata
------------------	-----------------

Fra: Else Jorunn Strømsheim, Strategi og styring

Deres referanse:

Vår referanse:
20/323-28 23/478

Arkivkode:
19/14

Dato:
03.01.2023

Merknad, kommuneoverlegens uttalelse - Blindheimsbreivika- gbnr. 19/14 mfl. - offentlig ettersyn

Kommuneoverlegen skal gjennom uttalelser etter folkehelseloven bidra til at folkehelse blir ivaretatt i planlegging. Folkehelse er et vidt begrep som i plansammenhengen bl.a. omfatter bomiljø og trivsel, tilgang til lekeplasser og friarealer, støy, luft- og jordforurensning, trafikk-sikkerhet, skolekapasitet, påvirkning fra kraftlinjer mv.

Bakgrunn

Kibsgaard-Petersen AS legger på vegne av Blindheimsbreivika AS frem planforslag for etablering av kontor/lager/industri langs fylkesvegen og boligarealer med opptil 20 nye boenheter mer sentralt i planområdet.

Vurdering

Slik saken er fremlagt, gjør kommuneoverlegen følgende vurdering av planen:

Støy

Ved å legge næringsarealene langs fylkesvegen, oppnås en effektiv skjerming av boligarealene sentralt i planområdet. Planlagt boligareal blir med dette liggende utenfor gul støysone. I tillegg sier reguleringsbestemmelsene at industrianleggenes art skal godkjennes av kommunen i det enkelte tilfellet. «Kommunen kan forby verksemder som ved lukt, støv, røyk, støy, brannfare, eksplosjonsfare o.l. kan synast å medføre ulempe for tilgrensande strøk.»

Kommuneoverlegen har erfart at det kan være vanskelig å følge opp en slik vidt formulert bestemmelse. Dersom reguleringsbestemmelsene skal gi boligområdene beskyttelse mot uønsket påvirkning fra industriaktivitet, må det gis presise grenseverdier for akseptabelt forurensningsnivå. Eventuelt må det presiseres hvilke typer næringer som kan aksepteres innen planområdet. Uten vurderingskriterier å forholde seg til, vil det være vanskelig å regulere aktiviteten.

I dette tilfellet grenser dessuten boligfelt BK1 til næringsområdets parkeringsområdet uten avsatt areal til eventuelle avbøtende tiltak. Kommuneoverlegen ser det som svært uheldig at næringsområder og boliger blir plassert så tett innpå hverandre uten noen form for buffersone. I denne delen av planområdet er det fare for at ønsket om høy utnyttelsesgrad går på bekostning av et godt bomiljø.

Planen må beskrive utfordringsbildet mht. lukt, støv, røyk, støy, brann- og eksplosjonsfare, og avbøtende tiltak til skal sikre et godt bo- og oppvekstmiljø.

Støy i utbyggingsfasen

Støy i utbyggingsfasen kan oppleves som en belastning for nærmiljøet. Det må tas tilstrekkelig hensyn til beboere i området, slik at disse ikke blir utsatt for uakseptabel støy- og støvbelastning i byggeperioden. Vi viser til kapittel 6 i retningslinje T-1442/21 – Bygge- og anleggsstøy. Kommuneoverlegen forutsetter at T-1442 blir brukt aktivt i det videre arbeidet for å sikre en god prosess mot berørte grupper.

Trafikksikkerhet

Det er positivt at det er regulert og blir satt rekkefølgekrav til opparbeiding av nærlekeplass, kvartalslekeplass, interne turdrag, tilkomst til overordnet grønnstruktur, fortau og sykkeltrasé før brukstillatelse for boliger blir gitt. Utover dette oppfattes vegføringen innen reguleringsområdet som uoversiktlig. Spesielt kryssområdene kan vise seg å bli opplevd som utrygge for myke trafikanter. Vinterstid, når turvegen ikke er tilgjengelig, vil dette kunne gi utfordringer.

Lovgrunnlag

Uttalelsen er gitt i henhold til § 4 i forskrift om miljørettet helsevern av 25.04.2003, med hjemmel i lov om folkehelsearbeid av 24.06.2011 §§ 4, 8 og 33.

Med hilsen
Olav Mestad
kommuneoverlege

Else Jorunn Strømsheim
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Høringsuttalelse

Innsendt	05.01.2023 12.09.28
ReferanseID	ALE048-1541815
Informasjon	
Uttalelsen kommer fra	
<input checked="" type="checkbox"/> Privatperson	<input type="checkbox"/> Organisasjon
Fornavn	Etternavn
Marianne Haalen	Amdam
Adresse	
SPJELKAVIKVEGEN 186	
Postnr/sted	
6010 ÅLESUND	
Mobil	
46828999	
E-postadresse	
amd@live.no	

Høringsuttalelse

Tittel på høring
Blindheimsbreivika - gbnr 19/14 mfl. detaljregulering
Din uttalelse
<p>Vi stiller oss positive til reguleringsplanen for Blindheimsbreivika - gbnr 19/14 mfl.</p> <p>Vi ønsker likevel å gjøre dere oppmerksomme på vår kommentar, og tilsvaer:</p> <p>"17. Marianne og Halvard Haalen Amdam, datert 19.02.2019</p> <p>De er eiere av 21/12 og er nabo til kunngjort detaljreguleringsplan. De ber om at deres eiendom tas inn i planen og at det blir tilrettelagt for vegtilkomst fra vest.</p> <p>Kommentar:</p> <p>Eiendommen 21/12 ligger utenfor planområdet, men planen tilrettelegger for ny veg o_KV2 gjennom planområdet som ender i parkeringsareal som grenser til eiendommen. Dette kan muliggjør en tilkomst ved en fremtidig regulering av eiendommen."</p> <p>Vi håper på snarlig svar, og at tilsvaret/kommentaren står ved lag!</p>

Vedlegg

Vedlegg

Ingen vedlegg er lagt til

Høringsuttalelse

Innsendt	02.01.2023 18.10.36
ReferanseID	ALE048-1540825
Informasjon	
Uttalelsen kommer fra	
<input checked="" type="checkbox"/> Privatperson	<input type="checkbox"/> Organisasjon
Fornavn	Etternavn
Jørgen Dag	Veibust
Adresse	
Blindheimsbreivik 56	
Postnr/sted	
6010 ÅLESUND	
Mobil	
93233038	
E-postadresse	
joergendag@gmail.com	

Høringsuttalelse

Tittel på høring
19/14 mfl.-høring
Din uttalelse
<p>Som nabo til 19/14 fordi jeg eier 19/41, og 19/72. Mitt ankepunkt er at 19/14 fikk kjøpt tilleggsjord fra min tante som næringsutvikling og ikke til bolig formål. Mitt andre ankepunkt er at 19/72 er foreslått som fri område. Ikke særlig egnet da området er alt for bratt. Mitt tredje ankepunkt er at jeg ønsker å få skilt ut en naust tomt fra 19/72. Nord vest av de to som er bygd og som 19/72 grenser til. Område er egnet til naust og massen er tatt bort tidligere.</p> <p>Det var det.</p> <p>Med vennlig hilsen</p> <p>Jørgen Veibust</p>

Vedlegg

Vedlegg

Ingen vedlegg er lagt til

Høringsuttalelse

Innsendt	06.01.2023 17.47.26
ReferanseID	ALE048-1542131
Informasjon	
Uttalelsen kommer fra	
<input checked="" type="checkbox"/> Privatperson	<input type="checkbox"/> Organisasjon
Fornavn	Etternavn
Hans Jarle	Rekdal
Adresse	
BLINDHEIMSBREIVIKA 40	
Postnr/sted	
6010 ÅLESUND	
Mobil	
95842690	
E-postadresse	
hans@rekdal-transport.no	

Høringsuttalelse

Tittel på høring

Blindheimsbreivika-gbnr.19/14 mfl.-høring

Din uttalelse

Som eier av Gnr 19 Bnr 103 har jeg følgende innspill.

Jeg mener at å regulere inn boenheter ved et industriområde er helt feil. Dette pga støy, mye trafikk som igjen er konsentrert til en av påkjøring til hovedvei som allerede er sterkt trafikkert!

Det er allerede problemer med å ta seg inn på veien pr dd pga stor trafikk. Når næring, som industrieiendommen Spilka igjen skal utvides, er ikke påkjørselen som er inntegnet dimensjonert for antall inntegnede boenheter.

Jeg er også bekymret for skolebarn ifht økt trafikk.

Når det gjelder planlagte boliger som grenser til min eiendom, bør disse nedskaleres og ikke være så ruvende i terrenget.

Ber også kommunen ta hensyn til det mangfoldige dyrelivet med rådyr, hjort, ørn, og ekorn etc som har sitt tilhold i dette området.

Helst burde dette arealet vært regulert til LNR område for å ivareta det mangfoldet av dyrearter som

holder til der.

Vedlegg

Vedlegg

Ingen vedlegg er lagt til

Blindheimsbreivika -gbnr. 19/14 mfl.

Merknader:

Støy er og blir den største utfordringen med Blindheimsbreivika 10, der stadig nye støykilder plutselig popper opp uten noe forvarsel. (Støykilder: tekniske anlegg/industriventilasjonsanlegg fem meter fra vår eiendom/ varmepumper/ kjøleaggregat/kjølevifter/ utluftinger/innsug mm).

Lovnader til tross, så blir støyen bare verre og verre fra ulike tekniske anlegg, natt og dag, siste året også fra anlegg etablert på taket med samme kotehøyde som vår bolig/soverom. Dette har også ødelagt for normal nattesøvn. Også uteoppholdsareal på stillesiden av vår eiendom påvirkes sterkt av anleggene som dukker opp på gbnr. 19/14.

Vi ber om at ingen nye tillatelser gis før forslagsstiller oppfyller tidligere gitte lovnader vedrørende støy, og at ingen flere støykilder blir etablert i forbindelse med omsøkt utbygging.

Fjellskjæringa. Bare nevner den, siden ingen gjør noe med den, men som vi mener utgjør en risiko for de som ferdes forbi.

Høydebestemmelsene: Vi mener dalen kan miste sitt preg, og ber om at dalen ikke fylles opp med mer masser enn nødvendig. Særlig med tanke på at det er søkt om å bygge høyere hus enn laveste del av næringsbygget. Det bør være unødvendig å bygge høyere grunnivå for deretter å bygge enda høyere hus oppå.

Hilsen

Geir Holten

M. Skjong

Fra: Knut Flakk <Knut.Flakk@flakk.no>
Sendt: fredag 6. januar 2023 21:21
Til: Postmottak Ålesund
Kopi: Line Flakk
Emne: Merknad til reguleringsforslag Blindheimsbreivika - gnr. 19/14 m fl.

Hei Maya Flem Lorgen,

Vi viser til overnevnte planforslag som ble lagt ut til offentlig høring med merknadsfrist 06.01.2023.

Undertegnede er eier av nausttomt gbnr. 19/110 i Blindheimsbreivika. Tomten som ligger like ved siden av Kåre Stafset sitt naust (markert som UNB1 på gbnr 19/111), ble i sin tid skilt ut fra gbnr. 19/14 og var eid av mine foreldre frem til jeg fikk overført tomten som arv sommeren 2015. Jeg og min familie har planer om å bygge naust på tomten i tilknytning til vår enebolig på Skothaugen.

Vi mener den utskilte tomten må kunne reguleres for naustbebyggelse slik det opprinnelig var tenkt med basis i følgende:

- Arealet ligger i bratt og ulendt terreng og er uansett vanskelig tilgjengelig for allmennheten.
- Tomten ligger vegg i vegg med allerede etablert naustbebyggelse.

Ta gjerne kontakt på 997 46000 om det skulle være spørsmål i sakens anledning.

Vi imøteser en positiv tilbakemelding på vårt innspill.

Vennlig hilsen
Knut Flakk